

Junioragentane: Utfordringsliste

I dette oppdraget skal du utføre ulike utfordringar på klubbmøte eller 4H arrangement.



Landsleir 2018, 4H Rogaland.



VANSKELIGHETSGRAD
Medium



KATEGORI
4H-arbeid



TIDSBRUK
Mellom



FARGE
Grønn



Les mer på
4h.no

Beskrivelse av oppdraget

Junioragentane er ein serie med oppdrag for deg som er junior og som ynskjer å skapa trivsel, samhald og spreie glede i klubben din. Og ikkje minst er junioragentane ute etter å passe på at alle i klubben er med og har det fint. Oppdraga som er knyta til det å vera Junioragent er laga slik at ein skal læra meir om og utfordra seg sjølv og andre. Difor kan det vera kjekkast om ein er 2 – 4 stykk i same klubb som har Junioragentane som prosjekt.

Følgande oppdrag finnst i serien Junioragentane:

[Junioragentane: Refleksjonsoppgåve \(denne bør du gjere først\)](#)

[Junioragentane: Hald ein lek](#)

[Junioragentane: Hald ein friluftaktivitet](#)

Utfordringane nedanfor er for å utfordra deg sjølv til å gjer noko ein normalt ikkje gjer når ein er på klubbmøte eller 4H arrangement. Det er hyggjelege utfordringar som hjelper deg å sjå andr og korleis dei har det. Kanskje nokon av dei er noko du kan hugsa på å gjer kvar gong du er på klubbkveld eller 4H arrangement?

Framgangsmåte:

Ta med utfordringane nedanfor på ein klubbkveld, eller andre 4H arrangement, og kryss av ettersom du har gjort utfordringane.

- Snakk med ein person som står åleine.
- Gje ein lapp med fine ord til 3 personar.
- Snakk med 2 personar du ikkje plar snakke så mykje med.
- Få augekontakt og smil til ein person du sjeldan har snakka med.
- Spør nokon du ikkje kjenner så godt om korleis dagen deira har vore.

- Gje eit kompliment til 2 personar.
- Spør nokon du kjenner godt korleis dei har det for tida.

Lykke til!